

Aktivitet - haust 2002

Arrangement

Musikkbasar

Øvingshelg

Konsert

Ekstraøving

S. og Fj. Meisterskap

Julegrantenning

Julekonsert

Juletrefest

Dato Mnd Ansvarleg

20. oktober

8. 9. og 10. nov med instruktør Helge Haukås

10. nov S.ogFj. mest. stoff

15. nov prøving av konkurransestykka

16. nov

1. des

15. eller 22. des

27. eller 28. des

Anne-Mari 40 år

Anne-Mari Knotten feira nyleg sin 40-års dag. Det vart ein stor fest på Låven på Vågsberget der kameratar i Torskangerpoll var med på å sette farge på den store dagen. Anne-Mari seier i til VG at dagen vil bli hugsa som noko av det største for ho. Ho vil gjennom avisat takke alle som stilte opp, og som kom med gaver.

VG gratulerer hyggelige Knotten med dagen som var 25. sept..



På kryss og tvers med VG

Prøv deg på Ivars kryssord

Vannrett

1. Langt

5. Gud

6. Klesnyhet

Loddrett

1. Dyreunge

2. Vaskepulver

3. Fiskeredskap

4. Kjemme

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 7

9. årgang

Laussal: Gratis

september 2002

Ny stormfestival



5. 6. og 7. september 2003 blir det ny stormfestival. Planlegginga er i full gang. Kasserer John Svarstad seier det er dyrt å drive korps, og inntekter frå festivalen er viktig for å få den økonomiske kabalen til å gå opp.

**Musikkbasar
20. okt. 2002**

Matnyttig øvingshelg

Sogn og Fj. meisterskap for korps er eit av satsingsområda i haust. Korpset har allereie hatt ei øvingshelg, og det er planlagt ei til. Den første med Eirik vart i høgste grad ei matnyttig øving.



Den store gløymedagen

Dette var dagen då alt gjekk på tverke. Lina var oppteken av å få med seg den svarte skinnjakka ho hadde gløymt helga før, då ho skulle sitte på med Eirik til Bergen etter den siste øvingshelga.

Eirik var oppteken av å få med seg tubaen. Det han ikkje veiste var at kassa i bagasjerommet var tom, og tubaen stod igjen i Vågsvåg. Det oppdaga Eirik først når han kom til Bergen. At Lina gløymde jakka si, først i Vågsvåg, så i feil bil, og så i bilen til Eirik var vel ikkje så problematisk som at Eirik måtte ha instrumentet sitt på jobb dagen etter.

Gode råd var dyre, og Lisbeth stilte på frelsesarmeens søndag kveld for å hente kasse til tubaen til Eirik som skulle sendast med Helene dagen etter. Sjølvsagt kom Lisbeth med feil kasse som ikkje passa til Eirik sin tuba. Dermed måtte Helene ta tubaen til Eirik på ryggen utan kasse om bord i ekspressbåten.

At Birte skulle gløyme igjen veska si i bilen til Eirik denne kvelden er vel ikkje den store bomba på ein slik dag. Men slik kan det altså gå. Ingen vart skada, og i ettertid er det berre å le av heile greia.

Likar du sang?

Meld deg på John Inge sin karaokeskule. Det blir brukt avansert utstyr frå dei fremste leverandørane i østen.

Bill.mrk: «Syng å ver glad»

Basar

Søndag 20. oktober klokka 16.00

**i Våge /Oppedal skule
Kafeteria og loddosal og
masse flotte gevinstar**

Det blir underhaldning og overraskinger ved:

Torskangerpoll Musikklag underheld

